

Thomas Abraham Harun:

- Deres Majestatar – velkommen til Ølen og til Vindafjord Kommune
- Namnet mitt er Thomas Harun og eg kjem frå Sør – Sudan
- Eg kom til Ølen og Vindafjord Kommune i desember 2019 saman med familien min
- Dei siste åra før eg kom til Vindafjord budde me i ein flyktningleir i Etiopia.
- Det var mørkt, kaldt og snø då me kom til Norge
- Framtida mi ser veldig lys ut. Eg fullfører grunnskulen no i juni 2024...men, eg veit ikkje kva eg vil bli
  - fyrist skal eg gå på vidaregåande skule
- Det er store forskjellar mellom Noreg og heimlandet mitt: skulesystemet, årstider, mat og lukter
  - eg saknar den afrikanske maten og alle dei gode luktene.
- Eg er veldig glad for å vera i det norske samfunnet og setter veldig stor pris på korleis de handterer menneske frå forskjellige land og kulturar
- Gud velsigna Noreg og det norske folk

Daria Havrylenkova :

- Deres Majestatar
- Namnet mitt er Daria og eg kjem frå Ukraina
- Eg kom til Ølen og Vindafjord Kommune i april 2022 – kort tid etter at krigen i Ukraina braut ut
- Eg lærte det norske språket ganske fort, mannen min og eg er no i jobb
  - dottera vår går i barnehagen i saman med born frå mange forskjellige land og kulturar.
- Me har gode bu og arbeidsvilkår, og flott natur og god plass.  
Me har fått mange vener her og svigerforeldra mine kom til Vindafjord no i 2024.
- Det er veldig mykje som er likt mellom Ukraina og Norge, men den største forskjellen er nok :  
disiplin, respekt, rutinar og oppbygginga av skulesystemet – mykje er veldig strengt i Ukraina
  - og borna får ikkje alltid tid til å vera born, eg likar systemet betre her i Norge
- Eg vil nytta høvet å takka for muligheta eg og familien min har fått her i Vindafjord
  - framtida vår ser veldig lys ut
- Tusen takk til Kongen og Dronninga for at de kom på besøk til oss her i Vindafjord Kommune